



Øystein Natås  
Lindnesvegen 60  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1215 - 17/11176

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
11.04.2017

## Gbnr 43/4 Natås. Fritak frå krav om gjødselplan.

Eigedom: Gnr.43 bnr.4 Natås  
Adresse for eiged.: Lindnesvegen 60, 5957 Myking  
Type tiltak: Fritak frå krav om gjødselplan  
Søker: Øystein Natås

### Saka gjeld:

Det er krav om gyldig gjødselplan for å kunne søkje om og motta produksjonstilskott i landbruket. Søker meiner han driv så ekstensivt at han ikkje reng gjødselplan. Forskrift om gjødselplan §5 opnar for at kommunen kan gje dispensasjon frå kravet om gjødselplan.

Grunnlaget for å gje dispensasjon er svak gjødsling (50% av norm) og få dyr i ekstensiv drift.

Søker har fritak for gjødselplan frå før.

### Grunnlag:

Gnr. 43 bnr.4 har 21da slåtteland og 19da innmarksbeite. Driftforma er utegangar sau, som ikkje vert teke i hus. Sauene beiter i utmark frå oktober til mai og sporadisk på innmark frå juni til september. Det vert kjøpt inn 1800kg. Fullgjødsel av type 18-3-15. Det vert ikkje spreidd husdyrgjødsel på innmarka anna enn det suene legg att i perioden frå juni til september.

Det er 26 vinterfora sau i følgje søknad om produksjonstillegg.

I søknaden vert det ikkje sagt noko om korleis dei 1800kg fullgjødsel vert nytta. Sakshandsamar føresett at og innmarksbeita vert gjødsla og totalt areal som er til disposisjon er  $21 + 11(19 \times 0,6) = 32$ da.

Ein føresett også ein slått + beiting slik som nemnt.

### Vurdering:

Gjødseldyreiningar er  $26:7 = 3,7$ gjd. Ingen Inneforing, for det meste beiting i utmark.

Ingen spreieing av husdyrgjødsel anna enn litt beiting på innmark frå juni til september.

Innkjøpt fullgjødsel tilsvarar 8kg N, 1,4kg P og 7 kg K pr.da.

Normgjødsel for driftsforma vert sett til om lag 11kg. N.

Det ligg ikkje føre jordprøver som kan seie noko om tilstanden i jorda.

I følgje resultat frå slakteriet vert det levert gode lam i klasse O eller betre, og lammetalet pr. søye er høgare enn norm. Det er såleis god drift på garden.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Konklusjon:**

Spreiearealet på bruket er lite, og innkjøpt mengde fullgjødsel gjev ei gjødsling som er tilnærma lik normgjødsel. Dette føresett at gjødsla og vert nytta på innmarksbeite. Dersom berre fulldyrka og overflatedyrka jord vert nytta til spreieareal, vert tilført mengde gjødsel truleg for høg.

1500kg : 21da=71kg/da.

For 18 – 3 – 15 tilsvarar dette nærare 13kg N, 2kg P og 10kg K. Dette er ikkje ekstensiv gjødsling.

På denne bakgrunnen meiner landbrukskontoret søker kan få fritak frå kravet om gjødselplan for sesongen 2017, sidan dette alt er føresett av søker og det er for seint å få resultatet av eventuelle jordprøvar før driftssesongen tek til.

Søker må ta jordprøver for at ein kan sjå korleis tilstanden i jorda er, og han må gjere greie for i detalj korleis han nyttar den innkjøpte gjødsla. Når ein ser resultatet av jordprøvane og får detaljert kunnskap om korleis areala faktisk vert gjødsla, må ein vurdere om det skal stillast krav om gjødselplan, eller om bruket framleis kan få fritak frå dette kravet.

**Vedtak:**

Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Lindås kommune Øystein Natås fritak frå kravet om gjødselplan. Fritaket gjeld for dyrkingssesongen 2017.

Det vert sett som vilkår for fritaket at det vert teke jordprøver av dei gjødsla areala, og at det vert gjort nøye greie for korleis fullgjødsela vert nytta. På bakgrunn av den kunnskapen ein då får, vert det vurdert om fritak frå kravet om gjødselplan kan halde fram.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Øystein Natås

Lindnesvegen 60 5957

MYKING